



STATISTIKK FOR BIBLIOTEK
OG MUSEUM **2004**



ABM-UTVIKLING

POSTBOKS 8145 DEP
N-0033 OSLO

TELEFON: 23 11 75 00
TELEFAKS: 23 11 75 01

post@abm-utvikling.no
www.abm-utvikling.no

ISSN: 1503-5972
ISBN 82-8105-028-4

Trykk: PDC Tangen As
Utgjeven i 2005

INNHALD

FORORD	4
1. BIBLIOTEKSTATISTIKK	6
1.1 HOVUDTREKK FRÅ FOLKE- OG SKULEBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	6
1.2 HOVUDTREKK FRÅ FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	12
TABELL 1: FOLKEBIBLIOTEK ETTER KOMMUNESTORLEIK.....	14
TABELL 2: FOLKEBIBLIOTEK ETTER FYLKE	17
TABELL 3: FOLKEBIBLIOTEK – KOMMUNAR	22
TABELL 4: FYLKESBIBLIOTEK.....	42
TABELL 5. MOBIL BIBLIOTEKVERKSEMD	44
TABELL 6: FENGSELSBIBLIOTEK	45
TABELL 7: BIBLIOTEK I VIDAREGÅANDE SKULE	46
TABELL 8: GRUNNSKULE – BIBLIOTEK.....	48
TABELL 9: NORSK LYD- OG BLINDESKRIFTBIBLIOTEK.....	49
TABELL 10: FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEK.....	50
FORKORTINGAR TIL FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEKSTATISTIKKEN.....	58
2. MUSEUMSSTATISTIKK	60
2.1 HOVUDTREKK FRÅ MUSEUMSSTATISTIKKEN.....	60
TABELL 1: ADMINISTRATIVT ANSVAR OG SELSKAPSFORM.....	64
TABELL 2: ARBEIDSOMRÅDE	65
TABELL 3: STORLEIK OG OMFANG PÅ SAMLINGANE	66
TABELL 4: ARKIVMATERIALE	70
TABELL 5: OPNINGSDAGAR, TILRETTELEGGING OG TOTALT BESØK	71
TABELL 6: ENKELTBESØK, GRUPPEBESØK OG PRISAR	72
TABELL 7: BYGNINGAR OG UTSTILLINGAR	73
TABELL 8: PEDAGOGISK VERKSEMD OG SÆRSKILTE TILTAK	74
TABELL 9: ÅRSVERK	75
TABELL 10: KOMPETANSEUTVIKLING OG SAMARBEID.....	76
TABELL 11: SIKRINGS- OG BEVARINGSTILTAK	77
TABELL 12: ØKONOMI.....	78
NAMN PÅ DEI 100 MEST BESØKTE MUSEA I 2004.....	80


FORORD

Statistikken for 2004 omfattar folke- og skulebibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum. Det er satt i gang arbeid med å etablere statistikk for lokalt og regionalt arkivmateriale, og denne statistikken vil bli tatt inn i komande publikasjonar.

Statistikken blei innhenta gjennom eit felles elektronisk system som blei utvikla hos ABM-utvikling til innsamlinga våren 2005. Institusjonane logga seg inn, fylte ut og sendte inn elektroniske skjema via Internett. Berre nokre få institusjonar bad om å få tilsendt skjema på annan måte. Dette er første gongen heile statistikken for bibliotek og museum har blitt samla inn ved hjelp av elektroniske skjema, og første gongen ein har koordinert innsamlinga av data frå desse institusjonane ved bruk av eitt og same system. Det nye systemet gir ein god teknisk basis for det vidare statistikkarbeidet, med moglegheit til vidareutvikling av funksjonar som vi vonar vil

gjere arbeidet enklare og meir effektivt, og bidra til ein god datakvalitet i åra som kjem.

Totalt har vi fått utfylte skjema frå nærare 4 800 institusjonar. Desse har rapportert for om lag 5 300 einingar eller sørvisstadar. Data frå folke- og skulebibliotek blei handsama internt i ABM-utvikling, medan data frå fag- og forskingsbibliotek og museum blei handsama av Statistisk sentralbyrå. SSB har og publisert deler av statistikken som Noregs offisielle statistikk. Publikasjonen presenterer eit omfattande statistikkmateriale med mellom anna fylkesvise tabellar og nøkkeldata frå ein-skilde kommunar og institusjonar. Samla sett gir statistikken eit interessant bilete av ressursar og aktivitetar i landets bibliotek og museum, sjølv om delar av han har nokre veikskapar på grunn av mangelfull rapportering. Statistikken som blir henta inn femner likevel ikkje all aktiviteten som skjer i institusjonane, og det ligg føre oss eit



viktig arbeid når det gjeld å sjå på innhaldet i statistikken. Når det gjeld museumsdelen, er arbeidet godt i gang. Museums-skjema blei reviderte og utvida med nye spørsmål før innhenting av 2004-statistikken, og resultatene er tilgjengelege i museumsdelen av publikasjonen. I 2006 vil det og bli sett i gang eit arbeid med å revidere bibliotekstatistikken.

Ved innhentinga av statistikken for 2004 førte innføringa av det nye statistikkssystemet med seg nokre problem som gav forseinking i innleveringa, og som gjorde at funksjonaliteten ikkje var så god som planlagt for alle dei involverte. ABM-utvikling takkar spesielt Statistisk sentralbyrå og fylkesbiblioteka for godt samarbeid, tålmod og gode råd.

I arbeidet med statistikken er vi avhengige av kvalitets-sikra data frå institusjonane. Vi er merksame på at det tar tid å registrere data og å samanstillе desse i ei form som passar inn i skjema, og vi ønskjer derfor å rette ei stor takk til bibliotek

og museum som har levert statistikk for 2004.

Jon Birger Østby, DIREKTØR

Leikny Haga Indergaard,
AVDELINGS-DIREKTØR

Erlend Ra, RÅDGJEVAR

Karen Marie Ellefsen,
SENIORRÅDGJEVAR

Thor Arne Landsverk,
SENIORINGENIØR

BIBLIOTEKSTATISTIKK 2004

1.1 Hovudtrekk frå folke- og skulebibliotekstatistikken

Folkebibliotek

Statistikken for 2004 viser at den klåre trenden med nedlegging av folkebibliotekavdelingar held fram. Ved utgangen av 2004 var det til saman 865 faste folkebibliotekavdelingar i landet mot 892 i 2003. Dei 434 hovudbiblioteka er då rekna med. I tillegg kjem dei mobile einingane. Ein tredel av folkebibliotekavdelingane var kombinasjonsbibliotek med skular, i all hovudsak grunnskular.

I folkebiblioteka utførte 2627 personar til saman 1814 årsverk, noko som er ein nedgang i talet på årsverk på to prosent frå året før. Talet på årsverk varierar naturleg nok med mellom anna kommunestorleik, og nærare ein fjerdedel av kommunane hadde mindre enn eitt årsverk i folkebiblioteket. Meir enn halvparten av årsverka, 930, var det fagutdanna bibliotekarar og biblioteksjefar som sto for, og to tredeler av kommunane hadde fagutdanna biblioteksjef.

Opningstid

Trass i nedgangen i folkebibliotekavdelingar auka det samla talet på timar biblioteka heldt ope per veke. Nedlegginga av filialar førte til at det samla timetalet ved filialane gjekk ned, sjølv om det gjennomsnittlege talet på timar filialane heldt ope, steig. Ein auke i opningstidene ved hovudbiblioteka på om lag 3,5 prosent, eller nær ein time per veke i gjennomsnitt, gav likevel fleire opningstimar totalt per veke enn ein hadde i 2003.

274 bibliotek var opne på laurdagar, ein auke på ni frå 2003. Den største endringa finn ein likevel når det gjeld talet på bibliotek som heldt ope på søndagar. I 2004 var det 26 hovudbibliotek og to filialar som heldt ope på søndagar, noko som er nær fem gonger så mange som i 2003.

Økonomi

Ein skal vere varsam med å samanlikne driftsutgiftene til folkebiblioteka frå eit år til eit anna, og ikkje minst med å samanlikne ulike bibliotek.

Det kan skje endringar i korleis kommunane fører til dømes husleige og utgifter til reinhald og vaktmeistertjenester, og det kan vere ulikskapar mellom kommunar når det gjeld korleis dette blir ført. I tala for 2004 kan det og vere nokre skilnader i korleis meirverdiavgift er registrert.

Det blei registrert samla brutto driftsutgifter for 2004 på 1093 millionar, men ein skal vere merksam på at berre 187 bibliotek har rapportert tal for husleige, og at det manglar rekneskapstal for fem bibliotek. Dei reelle utgiftene til drift av folkebiblioteka er såleis høgare enn det som går fram av statistikken. Løn er den største utgiftsposten, med i overkant av 678 millionar kr, noko som er ein auke på 0,8 prosent i høve til indeksregulerte tal for 2003. Medieutgiftene viser og ein svak auke, på 0,3 prosent, og var på totalt 135 millionar i 2004. Auken er likevel ikkje stor nok til å hindre at vi får ein nedgang i utgifter til medium per innbyggjar. I tillegg til media

som biblioteka sjølve kjøper inn, mottok dei ei betydeleg mengd bøker frå dei statleg finansierte innkjøpsordningane til Kulturrådet.

Besøk

Det samla besøket ved norske folkebibliotek har vore på omlag fem per innbyggjar dei siste åra, og det er inga endring i dette frå 2003 til 2004. På fylkesnivå kjem det større endringar til syns. Østfold har den klart sterkaste nedgangen i besøkstal med 18,3 prosent, medan ingen av dei andre fylka har ein tosifra prosentvis nedgang. I to fylke, Telemark og Nord-Trøndelag, finn vi ein tosifra auke i besøket, høvesvis 12,4 og 19,0 prosent. Skilnadene mellom fylka viser seg og i at fylket med flest besøk per innbyggjar, Vest-Agder, har meir enn dobbelt så høge tal som fylket med færrest besøk, Finnmark, høvesvis 6,92 og 3,12.

Statistikken seier lite om kva brukarane av folkebiblioteka gjer, utanom å låne bøker og andre medium. Han fangar heller ikkje opp kor stor del av befolkninga som brukar folkebiblioteka. Her må ein nytte andre kjelder. Vi har ikkje nye tal på kvifor folk søker seg til folkebiblioteket, men ei undersøking frå 2000, gjennomført av Norsk Gallup på oppdrag frå Statens Bibliotektilsyn, viste at nærare 40 prosent av dei som gjekk på biblioteket, ikkje gjekk dit for å låne, men for å bruke andre tenester. I Statistisk sentralbyrå sin publikasjon *Norsk kulturbarometer 2004*, går det fram at meir enn halvparten av befolkninga, 54 prosent, besøkte eit folkebibliotek i løpet av 2004. Undersøkinga viser og at ein stor del av dei unge brukar folkebiblioteket. Blant 13–15-åringar hadde heile 82

prosent vore på eit folkebibliotek i løpet av året.

Når det gjeld bruken av biblioteka sine tenester, skal ein og vere merksam på at mange bibliotek brukar store ressursar på å yte tenester på Internett. Statistikken inneheld ikkje tal på kor mykje desse tenestene blir brukte, og biblioteka sine tenester blir såleis nytta meir enn besøkstala åleine viser. Ein bør vere spesielt merksam på dette om ein gjer samanlikningar over lengre tid, då tilbod som tidlegare blei brukte i biblioteket no i mange høve kan brukast på Internett, til dømes søk i katalogar, reservering og fornying.

Utlån

SSB sitt kulturbarometer viser at ein i mange høve søker seg til biblioteket for å bruke andre tilbod enn å låne. Men det viser og at lån er eit mål med besøket i meir enn 60 prosent av tilfella. I 2004 var det samla utlånet ved folkebiblioteka i landet på meir enn 25 millionar. Samanlikna med 2003 har det vore ein auke på 1,5 prosent i utlånet per innbyggjar, og i løpet av dei siste ti åra har utlånet per innbyggjar auka med nærare ti prosent. Årsaka til utlånsauken dei siste ti åra finn ein i utlånet av andre medium enn bøker, som no utgjer 27 prosent av det totale utlånet, mot 11 prosent i 1995. Utlånet av bøker per innbyggjar har derimot gått ned med omlag ni prosent i den same perioden. Dei siste par åra kan ein sjå ein tendens til at denne trenden er i ferd med å snu. Det er spesielt når det gjeld utlånet av barnebøker at ein kan sjå ei endring. Frå 2001, som var året med det lågaste barnebokutlånet i perioden, har det vore ein auke i utlånet av barnebøker kvart år, og i 2004 blei det lånt ut 9,4

Utlån per innbyggjar

Ti på topp

Utsira	Rogaland	38,77
Modalen	Hordaland	18,05
Lund	Rogaland	13,60
Bykle	Aust-Agder	13,39
Bokn	Rogaland	13,33
Nesseby	Finnmark	13,16
Rømskog	Østfold	12,72
Finnøy	Rogaland	12,69
Fyresdal	Telemark	12,19
Sokndal	Rogaland	12,02

Ti på botn

Tranøy	Troms	1,43
Lunner	Oppland	1,45
Giske	Møre og Romsdal	1,58
Hurum	Buskerud	1,58
Berlevåg	Finnmark	1,58
Balsfjord	Troms	1,60
Aure	Møre og Romsdal	1,68
Gratangen	Troms	1,74
Vevelstad	Nordland	1,77
Vardø	Finnmark	1,82





Medieutgifter per innbyggjar

Ti på topp

Utsira	Rogaland	338,34
Modalen	Hordaland	253,84
Bykle	Aust-Agder	172,72
Nesseby	Finnmark	165,07
Kvitsøy	Rogaland	154,15
Rømskog	Østfold	149,70
Tydal	Sør-Trøndelag	144,28
Åseral	Vest-Agder	124,58
Suldal	Rogaland	121,44
Fedje	Hordaland	110,88

Ti på botn

Nome	Telemark	8,14
Vågsøy	Sogn og Fjordane	8,17
Sund	Hordaland	8,28
Tranøy	Troms	8,53
Balsfjord	Troms	8,74
Skedsmo	Akershus	10,47
Lindesnes	Vest-Agder	11,59
Halden	Østfold	13,30
Aurskog-Høland	Akershus	13,34
Leka	Nord-Trøndelag	13,49



prosent fleire barnebøker enn i botnåret 2001. Barnebokutlånet utgjer no 42,5 prosent av det totale bokutlånet.

Fylkesbibliotek

Driftsutgiftene til fylkesbiblioteka steig med omlag 0,6 prosent frå 2003 til 2004, og var på 113,3 millionar i 2004. Det var 3,5 fleire årsverk enn året før, og utgiftene til løn steig med 5,3 prosent samanlikna med indeksregulerte tal for 2003. Med 65,5 millionar var utgiftene til løn den største utgiftsposten for fylkesbiblioteka.

Det samla utlånet frå fylkesbiblioteka var på 756 000. Vi ser bort frå Rogaland fylkesbiblioteks tal for 2003 ved samanlikninga, då dei har sett bort denne oppgåva til Stavanger bibliotek, og vi såleis manglar tal for 2004. Vi ser då at det er ein nedgang i det totale utlånet på åtte prosent frå året før. Vi gjer merkam på at endringa i realiteten er mindre, fordi nedgangen i Akershus fylkesbibliotek sitt utlån frå mobile einingar ikkje er reell, men heng saman med endringar i registreringa. Nedgangen gjer seg gjeldande både i fjernlånet og det direkte utlånet frå fylkesbiblioteka. Den største endringa ser vi i det direkte utlånet, som gjekk ned med 9,4 prosent, medan fjernlånet gjekk ned med 3,8 prosent. Som tidlegare år er det store skilnader mellom dei ulike fylka, og endringane i utlånstala spenner frå ein auke på 53 prosent i Troms til ein nedgang på 30 prosent i Aust-Agder.

Fjernlånstingingar både frå bibliotek i eige fylke og for bibliotek utanfor fylket gjekk ned i høve til 2003. Også talet på tingingar som fylkesbiblioteka sende vidare gjekk ned. Sidan 1996 har det vore nedgang på desse to områda kvart

år, og vi ser at trenden held fram også i 2004. Årsaka er at folkebiblioteka i stadig større grad tingar direkte frå biblioteket som har det dei treng.

Mobil bibliotekteneste





2003 var det første året sidan 1995 kor det ikkje var nedgang i talet på bokbussar. I 2004 ser vi igjen nedlegging av bokbusstenester. Ei bokbussteneste blei lagt ned i august, medan to andre blei lagde ned ved utgangen av året. Etter nedleggingane sto det igjen 33 mobile einingar per 1. januar 2005. I løpet av dei siste ti åra har det såleis blitt lagt ned 22 mobile einingar.

Ei bokbussteneste som blir driven som ei sjølvstendig teneste, blir rekna som ein mobil eining. Ein skal vere merksam på at mobil eining difor ikkje må svara til talet på fysiske bussar eller båtar. I dag gjeld dette bokbåten som køyrer i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Denne blir rekna som tre einingar, då dei tre fylkesbiblioteka driv kvar si sjølvstendige teneste frå båten.

Tala viser ein nedgang i utlånet frå 2003 til 2004, men den store nedgangen som gjeld Akershus fylkesbibliotek sine bokbussar er ikkje reell. Det ser difor ut til at utlånet i det heile ligg på omlag same nivå som året før. Om vi ser på utviklinga dei siste ti åra, så er nedgangen i utlån på omlag 23 prosent. Nedgangen i talet på mobile einingar ligg på omlag 40 prosent, så utlånet per eining har auka trass i nedgangen i det totale utlånet.

Bibliotek i vidaregåande skule

Utgiftene til innkjøp av bøker og andre medium var på 29,3 millionar, som svarar til 180,81 kr per elev. Dette er ein nedgang i høve til 2003 på 2,4 prosent.



Tilveksten av bøker per elev har gått ned med 1,9 prosent, medan talet på bøker per elev i skulebiblioteka sine samlingar har auka med 4,9 prosent. Talet på abonnement på tidsskrift og aviser har gått ned med 2,1 prosent. Samla var det ein auke i talet på medium per elev på 3,8 prosent. Ein skal vere merksam på at desse gjennomsnittstala skjuler store skilnader mellom skulebiblioteka.

Det totale utlånet ved skulebiblioteka auka med 32000 frå 2003, noko som gir ein auke i utlån per elev på 4,1 prosent. Det er ein auke i utlånet av audiovisuelle medium på heile 36 prosent som fører med seg denne endringa. Det samla bokutlånet viser nemlig ein nedgang. Her kan ein merke seg at utviklinga har vore ulik for skjønn- og faglitteratur. Medan utviklinga for faglitteraturen viser ein tilbakegang på 5,9 prosent, har utlånet av skjønnlitteratur auka med 7,8 prosent.

I åtte av fylka hadde alle skulebiblioteka datamaskinar med tilknytning til Internett til bruk for elevane. Landet sett under eitt hadde 93 prosent av skulebiblioteka eit slikt tilbod.

Av dei tilsette i skulebiblioteka hadde 246 full bibliotekarutdanning, og desse stod for 57 prosent av 360 årsverk. Her skal ein vere merksam på at det er store ulikskapar mellom skulane, noko som og viser seg på fylkesnivå. Medan ein i Østfold i gjennomsnitt har fagutdanna bibliotekarar ved skulen heile 48 timar i uka, har ein i Hordaland berre ein time med fagutdanna bibliotekar per skule per veke. Om ein ser på dei totale personalressursane, er skilnadene ikkje så dramatiske sjølv om det er store skilnader her og.

Bibliotek i grunnskolen

Forseinkingar som følgje av innføringa av eit nytt system for innhenting av statistikken, førte med seg at svarprosenten for biblioteka i grunnskulen blei lågare enn vanleg. Det blei rapportert statistikk for om lag 88 prosent av grunnskulane mot om lag 95 prosent året før. Dette kan gjere det vanskeleg å samanlikne statistikken frå eit år til eit anna. Ein skal og vere merksam på at statistikken som er levert frå skulebiblioteka kan vere mangelfull. For 2004-statistikken gjeld dette særskilt elevtal. Om lag 200 skulebibliotek leverte ikkje opplysningar om dette, noko ein bør ha i tankane når ein brukar tala.

Jamvel om det er ein lågare rapporteringsprosent i 2004, viser tala ein auke i det totale bokutlånet. Som for dei vidaregåande skulane skil utviklinga seg når det gjeld utlån av fag- og skjønnlitteratur. Utlånet av faglitteratur utgjorde 26,5 prosent av det totale bokutlånet i 2003, medan talet for 2004 var 25,5 prosent. Ein skal vere varsam med å trekkje tidsliner med dei variasjonane som finst i datagrunlaget, men det kan synast som om tala for dei siste fem åra viser ein trend der skjønnlitteraturen står for ein stadig større del av utlånet i grunnskulebiblioteka.

Fengselsbibliotek

Fengselsbibliotekstatistikken femner ikkje alle bibliotekeneser i norske fengsel. I den årlege statistikken er det i hovudsak fengselsbibliotek med statleg finansiering som er tekne med. I desse fengselsbiblioteka leverer lokale folke- og fylkesbibliotek bibliotektenester etter avtale med ABM-utvikling om statleg finansiering. Ordninga femner 13 avdelingar i 12 ulike institusjonar. I tillegg blir det levert

tal for to fengselsbibliotek som ikkje har ein slik avtale.

Utlånstala viser at desse biblioteka blir mykje brukt. I 2004 lånte kvar innsett i snitt hundre bøker og andre medium. Eit tal som er om lag 18 gonger så høgt som folkebiblioteka sitt utlån i høve til befolkninga. Kombinasjonen av ei samansett målgruppe med svært ulike behov, ein særleg høg etterspørsel etter bøker og andre media frå brukarane, og små einingar om ein skal samanlikne fengselsbiblioteka med folkebiblioteka, gjer det vanskeleg å dekkje behovet berre gjennom eigne samlingar. Vi ser derfor at fengselsbiblioteka har eit høgt innlån frå andre bibliotek, og i snitt blei det lånt inn fem bøker eller anna til kvar innsett i 2004.

1.2 Hovudtrekk frå fag- og forskingsbibliotekstatistikken

Det blei utført over 4,2 millionar lån i dei norske fag- og forskingsbiblioteka i 2004. Av dette var ca. 458 000 fjernlån og over 3,7 millionar lokale lån. Bestanden er no på nærmare 19 millionar bind, med ein tilvekst i 2004 på nesten 533 000 bind. Dei 315 einingane hadde 1869 tilsette som utførte 1556 årsverk, og dei totale utgiftene steig i fjor til 1,1 milliardar kroner. Av dette utgjør lønskostnadane no 531 millionar, og innkjøp av materiale til samlingane 276 millionar kroner.

Det blei sendt ut statistikk-skjema til 352 bibliotekeiningar. 25 einingar er nedlagde eller forsvunne pga organisatoriske endringar. 327 einingar skulle då ha levert. Av desse leverte 315, altså ein svarprosent på 96,3. Alle biblioteka som har levert statistikk er med i tabellane som finst på ABM-utviklings heimeside. Statistisk sentralbyrå har kvalitetssikra

alle innsamla data før dei blir offentliggjort.

Bestanden av bøker og tidskrift





Den samla bestanden utgjer per 1.1.2005 19 millionar bind og har auka med 18 prosent frå 1995. Tilveksten har variert ein del dei siste åra, i 2004 låg han på ca. 533 000 bind. Totalt har det vore ein tilvekst på 5,5 millionar bind sidan 1995. Ser ein på kassasjonen i den same perioden så har han vore på 2,59 millionar bind.

Talet på løpande periodika-titlar har variert ein del i perio-den 1995 til 2004, men ser ein på tala frå 1995 har veksten berre vore på 1,25 prosent. Variasjonar i valutakursar og budsjett har gjort at ein del bibliotek i periodar har sagt opp mange trykte abonnement. Det er også ein del som har valt å gå over til berre å ha elektroniske titlar dei siste åra, og det er då naturleg at talet på trykte titlar går ned. Frå statistikken for 2001 har ein prøvd å samle inn data på kor mange elektroniske titlar dei norske fagbiblioteka har tilgang til. Talet har auka kraftig i dei siste åra, summen som blei oppgitt for 2004 er 155000.


Blir samlingane brukte?

Utlånsveksten frå 1994 til 2004 er på 21 prosent. Det totale utlånet dekkjer lokale lån, kopiar som erstatning for lån og fjernlån. Sidan 1995 har til-gangen til elektroniske ressursar auka kraftig og ein kan sjå at utlånet av dei fysiske samlingane har flata ut på landsbasis. Dette ser ut til å halde fram. Dei elek-troniske kjeldene vil bli stadig viktigare for brukarane, og ein registrerer at bruken stadig aukar.


Innlånet dei siste åra har vist ein klart fallande trend. I 1995




Fag- og forskningsbibliotek: Årsverk




Fag- og forskningsbibliotek: Tilsette



Fag- og forskningsbibliotek: Akkvisjonsutgifter i mill.



Fag- og forskningsbibliotek: Indikatorar



var innlånet på 363 000 mens det hadde gått ned til 304 000 i fjor. Dette er ein nedgang på 16 prosent. I perioden 1995-2004 har Nasjonalbiblioteket hatt ein nedgang på 30 prosent og universitetsbiblioteka har redusert innlånet med 48 prosent. Dei statlege høgskolane har auka innlånet med 28 prosent, mens dei andre høgskolane har auka med 76 prosent.

Fjernlånet har sidan 1995 auka med 10 prosent på landsbasis. Det er store skilnader mellom dei ulike bibliotektypane. Til dømes har dei statlege høgskolane auka med 220 prosent medan dei andre høgskolane har ein auke på 29 prosent. På den andre sida har vi universiteta som har ein reduksjon på 23 prosent. Dei andre biblioteka har også ein nedgang i den same perioden. Tala for Nasjonalbiblioteket viser ein kraftig auke på 203 prosent.

Talet på lokale lån per student/tilsett har på landsbasis halde seg relativt jamt, det har variert mellom 10,5 og 12,1 i perioden 1995 til 2004.

Personalet

I perioden 1995-2004 har talet på årsverk i fag- og forskningsbiblioteka auka med 17 prosent. Statistikken viser at det har skjedd ei utflytning når det gjeld tal på tilsette og årsverk på landsbasis dei siste åra. Den største prosentvise auken i perioden har Nasjonalbiblioteket stått for, men ein må hugse på dei endringane som skjedde i samband med splittinga av Nasjonalbiblioteket og Universitetsbiblioteket i Oslo. Dei statlege høgskolane har hatt ein auke i både årsverk og talet på tilsette, medan universiteta har hatt ein auke i talet på tilsette medan talet på årsverk har gått ned. Offentlege spesialbibliotek

har opplevd den største nedgangen i årsverk og tal på tilsette. I denne perioden har universitetsbiblioteka auka talet på tilsette med over 16 prosent, medan talet på årsverk har gått ned med nesten fire prosent. Dei statlege høgskolebiblioteka har auka talet på tilsette med 38 prosent og årsverk med nesten 36 prosent i den same perioden.

Økonomi

På økonomisida har det rapporterte talmaterialet vore av varierende kvalitet. Det er ein del bibliotek som ikkje får ut data frå moderinstitusjonane sine, medan andre berre får ut litt talmateriale. Dette skaper problem for tolking av data.

Akkvisisjonsutgiftene har auka med 70 prosent frå 1995 til 2004. Den prosentvise delen av rapporterte utgifter som går til akkvisisjon har blitt redusert frå 35 i 1995 til 25,5 i 2004. Over 60 prosent av biblioteka har rapportert løn og sosiale kostnader i perioden frå 1995. Talmaterialet som er rapportert tyder på at det har vore ein auke i utgiftene på ca. 125 prosent. Den prosentvise delen av utgiftene som går til løn var i 1995 på 51,1, medan han i 2004 var på 49. Det er store variasjonar mellom dei forskjellige bibliotektypane. Dei andre høgskolane brukar 66 prosent og er dei som brukar mest. Til samanlikning brukar universitetsbiblioteka berre 43 prosent av utgiftene til løn.

Nokre indikatorar på produktivitet

Samanliknar ein den prosentvise auken i utlån og auken i talet på årsverk, gir dette ein indikasjon på produktivitetutviklinga frå 1995 til 2004.

For å finne bruken av samlingane samanliknar ein auken av det totale utlånet med den prosentvise utviklinga av talet

på bind og brutto tilvekst. Diagrammet viser at samlingane blir utnytta betre enn tidlegare.

Veksten i talet på bind gir seg utslag i ein vekst i utlånet samtidig som tilveksten ikkje aukar i same takt, noko som medfører ein større slitasje på samlingane. Fag- og forskingsbiblioteka greier å auke bruken utan at talet på årsverk stig i same takt, talet på årsverk ser heller ut til å reduserast.

Tabell 1. Folkebibliotek etter kommunestorleik

Storleik på verkeområdet ¹	Tal på bibliotek	Tal på avd. ²	Tal på avd. pr. bibliotek ²	Innbyggjartal	Personale			Opningstid hovudbibliotek			Opningstid alle avd. ³		
					Biblioteksjef heiltids-tilsett	Biblioteksjef med fagutd.	Del deltids-tilsette	Timar totalt pr. bibliotek	Timar etter 17 pr. bibliotek	Del laurdags-ope	Timar totalt pr. avd.	Timar etter 17 pr. avd.	Del laurdags-ope
> 100 000 innb.	5	40	8,0	1 129 385	100 %	80 %	37 %	51,9	9,2	100 %	35,5	5,0	78 %
50-100 000 innb.	8	27	3,4	477 654	100 %	88 %	37 %	53,2	10,5	100 %	26,5	4,6	56 %
30-50 000 innb.	12	38	3,2	459 198	100 %	92 %	41 %	46,9	8,7	83 %	29,9	5,1	39 %
20-30 000 innb.	18	36	2,0	442 094	100 %	100 %	43 %	40,6	5,8	94 %	26,5	4,5	53 %
15-20 000 innb.	18	30	1,7	323 224	100 %	100 %	50 %	39,3	5,8	100 %	29,4	4,6	70 %
10-15 000 innb.	39	83	2,1	497 537	92 %	100 %	61 %	38,1	6,5	72 %	22,3	4,3	42 %
7 500-10 000 innb.	30	69	2,3	266 388	93 %	100 %	63 %	29,3	4,7	80 %	16,5	3,6	41 %
5-7 500 innb.	61	115	1,9	379 017	70 %	87 %	70 %	28,4	4,4	61 %	18,8	3,4	35 %
3-5 000 innb.	83	168	2,0	325 585	60 %	63 %	78 %	22,9	4,4	45 %	14,2	3,3	24 %
2-3 000 innb.	63	123	2,0	156 108	27 %	48 %	85 %	17,8	3,7	29 %	11,9	2,8	16 %
1-2 000 innb.	73	109	1,5	105 032	11 %	34 %	93 %	16,0	3,5	8 %	13,3	3,2	6 %
<1 000 innb.	24	27	1,1	16 235	8 %	13 %	88 %	12,6	3,0	8 %	13,3	3,1	11 %
Noreg	434	865	2,0	4 577 457	56 %	67 %	56 %	26,0	4,7	48 %	18,4	3,6	32 %

¹ Storleiken på verkeområdet svarar til kommunestorleiken, med unntak for Tønsberg og Nøtterøy som driv felles bibliotek. Dette biblioteket tener over 50 000 innbyggjarar, medan Tønsberg og Nøtterøy ligg i kategoriene 30-50 000 og 15-20 000 innbyggjarar. Innbyggjartal og andre data er relaterte til Tønsberg/Nøtterøy bibliotek, og opptreer derfor i kategorien 50-100 000 innbyggjarar.

² Medrekna hovudbibliotek

³ Tal på opningstimar pr. avdeling (hovudbibliotek medrekna) og del av avdelingane som var ope på laurdagar. I tillegg var 26 hovudbibliotek og to filialar ope på søndagar.

Storleik på verkeområdet	Økonomi ¹											
	Løn pr. innb.	Bøker, tids., aviser pr. innb.	AV-medium pr. innb. ²	Medium 2003 pr. innb. ³	Medium 2004 pr. innb.	Drift mobile einingar pr. innb.	Data-tenester pr. innb.	Husleige pr. innb. ⁴	Andre utgifter pr. innb.	Løn + medium pr. innb.	Drift totalt 2003 pr. innb. ³	Drift totalt 2004 pr. innb.
> 100 000 innb.	153,80	20,43	4,19	23,38	24,61	0,12	5,53	54,77	31,84	178,42	261,52	270,67
50-100 000 innb.	160,39	23,10	1,65	27,27	24,76	1,37	7,17	27,62	32,98	185,15	243,87	254,28
30-50 000 innb.	147,05	23,93	3,54	27,29	27,47	0,19	4,49	10,48	16,06	174,52	216,96	205,74
20-30 000 innb.	143,00	22,50	2,11	25,05	24,62	2,47	6,05	28,04	22,75	167,61	222,48	226,93
15-20 000 innb.	126,25	23,93	2,12	25,42	26,06	1,38	6,88	17,29	15,59	152,31	186,40	193,45
10-15 000 innb.	133,33	27,90	2,32	30,22	30,23	1,18	5,97	17,49	17,49	163,55	204,92	205,68
7 500-10 000 innb.	133,80	28,65	2,26	30,52	30,91	1,95	6,80	12,22	18,27	164,71	204,84	203,95
5-7 500 innb.	137,92	31,21	2,30	34,22	33,51	2,98	7,49	24,65	19,04	171,43	226,56	225,60
3-5 000 innb.	152,59	37,65	3,05	41,27	40,70	5,69	9,44	14,63	22,32	193,29	237,64	245,37
2-3 000 innb.	175,50	39,67	3,72	44,64	43,39	7,54	9,60	24,94	32,54	218,89	277,96	293,51
1-2 000 innb.	181,91	49,96	3,25	52,57	53,21	1,75	10,51	13,56	32,90	235,12	303,17	293,85
<1 000 innb.	358,29	102,32	10,60	114,35	112,93	6,82	33,32	54,41	59,78	471,22	621,96	625,55
Noreg	148,14	26,54	2,95	29,56	29,48	1,74	6,65	28,42	24,41	177,63	234,92	238,86

¹ Fem bibliotek har ikkje levert rekneskapstal for 2004. Nokre bibliotek har ikkje fordelt mva på dei ulike postane, men ført dette samla i posten "Andre utgifter".

² 205 bibliotek har levert data, dei resterande har ført utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

³ 2004-kroner

⁴ 187 bibliotek har levert tal for husleige.

Tabell 1. Folkebibliotek etter kommunestorleik

Storleik på verkeområdet	Barnebøker						Bøker for vaksne					
	Tilvekst fag pr. 100 bam ¹	Tilvekst skjønn pr. 100 bam ¹	Tilvekst totalt pr. 100 bam ¹	Bestand fag pr. 100 bam ¹	Bestand skjønn pr. 100 bam ¹	Bestand totalt pr. 100 bam ¹	Tilvekst fag pr. 100 vaksne ²	Tilvekst skjønn pr. 100 vaksne ²	Tilvekst totalt pr. 100 vaksne ²	Bestand fag pr. 100 vaksne ²	Bestand skjønn pr. 100 vaksne ²	Bestand totalt pr. 100 vaksne ²
> 100 000 innb.	5,2	19,3	24,5	102,8	327,9	430,7	5,8	4,3	10,1	132,8	81,4	214,2
50-100 000 innb.	5,8	21,3	27,1	105,9	320,8	426,7	7,1	4,8	11,9	157,6	125,1	282,8
30-50 000 innb.	6,5	20,9	27,4	117,6	339,3	457,0	5,4	5,8	11,2	155,5	135,0	290,5
20-30 000 innb.	7,4	23,5	30,9	147,1	460,0	607,1	6,9	6,0	12,9	203,1	160,7	363,9
15-20 000 innb.	6,1	20,9	27,0	114,4	353,8	468,2	5,2	6,0	11,2	161,1	160,3	321,4
10-15 000 innb.	7,3	26,5	33,8	148,8	479,4	628,2	5,7	7,3	12,9	167,6	185,7	353,3
7 500-10 000 innb.	8,5	33,2	41,7	144,9	563,6	708,5	6,0	10,5	16,5	203,0	272,9	476,0
5-7 500 innb.	9,2	33,5	42,7	186,1	734,1	920,3	7,1	11,8	18,9	245,9	322,3	568,3
3-5 000 innb.	14,4	53,9	68,3	220,3	953,0	1 173,4	8,0	16,4	24,4	232,0	404,6	636,5
2-3 000 innb.	20,2	77,1	97,3	263,2	1 309,0	1 572,2	11,6	22,3	33,8	265,5	578,9	844,4
1-2 000 innb.	18,3	75,5	93,8	310,7	1 676,2	1 986,8	10,0	29,5	39,5	339,5	785,4	1 124,9
<1 000 innb.	117,6	205,9	323,6	742,7	3 046,3	3 789,1	20,5	55,9	76,5	455,4	1 109,2	1 564,6
Noreg	8,3	29,3	37,6	144,9	524,2	669,1	6,6	8,3	14,9	181,1	206,7	387,8

¹ t.o.m. 14 år pr. 1.1.2004

² f.o.m. 15 år pr. 1.1.2004

Storleik på verkeområdet	Bøker		Musikk		Lydbøker		Video/DVD		Totalt alle medium	
	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.
> 100 000 innb.	12,8	254,7	0,9	9,8	0,8	5,5	0,9	4,3	17,1	288,7
50-100 000 innb.	14,9	311,9	1,0	9,2	1,0	7,4	1,2	5,5	19,5	344,0
30-50 000 innb.	14,4	323,8	0,8	6,8	1,1	7,1	1,5	6,8	19,1	352,6
20-30 000 innb.	16,4	411,8	0,9	7,7	1,2	9,6	1,3	6,2	20,8	451,4
15-20 000 innb.	14,6	352,8	0,8	6,6	1,2	8,5	1,2	6,5	18,1	379,4
10-15 000 innb.	17,3	411,2	1,0	6,9	1,4	8,8	1,3	6,8	21,4	441,6
7 500-10 000 innb.	21,8	524,7	1,3	8,7	1,8	11,0	1,5	9,2	26,6	560,4
5-7 500 innb.	23,7	639,1	1,3	9,9	1,7	12,1	1,5	9,2	28,9	685,9
3-5 000 innb.	33,1	743,4	1,4	10,7	1,8	12,1	2,7	15,3	39,7	788,5
2-3 000 innb.	45,9	983,6	1,8	11,0	2,0	15,4	2,6	16,6	53,0	1 036,8
1-2 000 innb.	49,8	1 288,3	2,2	13,8	2,5	17,1	3,4	23,9	58,9	1 354,1
<1 000 innb.	123,6	1 989,1	6,3	24,2	5,3	33,3	8,7	65,3	145,8	2 128,4
Noreg	19,4	443,7	1,1	8,9	1,3	8,9	1,4	7,8	24,2	480,4

Tabell 1. Folkebibliotek etter kommunestorleik

Storleik på verkeområdet	Utlån barnebøker			Utlån bøker for vaksne			Totalt bokutlån Dr. innb.	Musikk Utlån pr. innb.	Lydbøker Utlån pr. innb.	Video/DVD Utlån pr. innb.	Totalt utlån		
	Fag pr. barn ¹	Skjønn pr. barn ¹	Totalt pr. barn ¹	Fag pr. vaksen ²	Skjønn pr. vaksen ²	Totalt pr. vaksen ²					Utlån pr. innb.	Endring frå 2003	Utlån pr. årsverk
> 100 000 innb.	1,54	6,64	8,18	1,60	1,49	3,09	4,04	0,57	0,34	0,63	5,80	-1,60 %	14 350
50-100 000 innb.	1,62	7,13	8,75	1,59	1,67	3,26	4,37	0,33	0,44	0,73	6,01	2,57 %	14 343
30-50 000 innb.	1,57	6,71	8,27	1,44	1,56	3,00	4,05	0,22	0,35	0,91	5,64	0,50 %	14 968
20-30 000 innb.	1,69	7,51	9,20	1,47	1,58	3,05	4,26	0,16	0,43	0,66	5,69	3,10 %	14 987
15-20 000 innb.	1,37	6,17	7,54	1,13	1,37	2,51	3,58	0,11	0,38	0,68	4,86	1,55 %	14 687
10-15 000 innb.	1,59	6,99	8,58	1,17	1,51	2,68	3,92	0,11	0,36	0,63	5,13	2,72 %	14 753
7 500-10 000 innb.	1,24	6,39	7,62	1,05	1,56	2,60	3,66	0,09	0,33	0,74	4,92	1,71 %	13 601
5-7 500 innb.	1,68	7,51	9,18	1,18	1,60	2,78	4,07	0,08	0,32	0,64	5,19	2,88 %	13 647
3-5 000 innb.	1,71	8,06	9,77	0,97	1,74	2,71	4,12	0,08	0,28	0,87	5,48	2,32 %	12 984
2-3 000 innb.	2,30	8,23	10,53	0,89	1,80	2,69	4,19	0,06	0,29	0,82	5,44	4,40 %	10 364
1-2 000 innb.	1,77	8,46	10,24	0,92	1,90	2,81	4,22	0,09	0,26	0,92	5,57	3,34 %	10 022
<1 000 innb.	2,93	14,95	17,87	1,48	2,83	4,31	6,90	0,12	0,40	1,79	9,36	5,46 %	8 164
Noreg	1,60	7,06	8,66	1,34	1,58	2,91	4,06	0,26	0,36	0,72	5,53	1,32 %	13 943

¹ t.o.m. 14 år pr. 1.1.2004

² f.o.m. 15 år pr. 1.1.2004

Storleik på verkeområdet	Besøk pr. innb.	Innlån pr. 1 000 innb.	IT					
			Katalog tilgjengeleg på Internett ¹	Tal på datamaskiner for personalet (pr. tilsett)		Tal på datamaskiner for publikum (pr. avd)		Tilgang til Internett for publikum ²
				Internett	Eigen katalog	Internett	Eigen katalog	
> 100 000 innb.	6,1	10,8	100 %	1,1	1,1	5,1	5,7	100 %
50-100 000 innb.	5,9	30,0	100 %	1,1	1,2	5,3	5,8	100 %
30-50 000 innb.	5,0	46,0	92 %	1,2	1,3	3,0	3,0	100 %
20-30 000 innb.	5,7	57,6	94 %	1,3	1,3	3,8	3,8	100 %
15-20 000 innb.	4,8	48,8	100 %	1,2	1,2	3,1	3,3	100 %
10-15 000 innb.	4,2	83,4	77 %	1,2	1,3	2,4	2,1	100 %
7 500-10 000 innb.	4,1	90,4	80 %	1,1	1,1	2,2	2,0	100 %
5-7 500 innb.	4,2	102,8	64 %	1,1	1,1	2,1	1,7	98 %
3-5 000 innb.	3,8	115,2	59 %	1,1	1,0	1,9	1,1	99 %
2-3 000 innb.	3,3	168,7	52 %	0,9	0,8	1,7	1,1	98 %
1-2 000 innb.	3,6	200,9	47 %	1,1	0,9	1,7	0,7	99 %
<1 000 innb.	6,5	167,8	42 %	1,0	0,8	2,1	1,2	92 %
Noreg	5,0	61,4	64 %	1,1	1,1	2,4	1,9	99 %

* Inkl. Svalbard

¹ Del av biblioteka som har bibliotekskatalogen tilgjengeleg på Internett.

² Del av biblioteka der minst ei av avdelingane har pear til bruk for publikum med tilgang til Internett.

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke (Rekneskap og budsjett i 1000 kr)

Fylke	Innbyggjartal	Tal på barn t.o.m. 14 år	Tal på hovudbibliotek	Tal på avd. ¹	Fag-utdanna bibl. sjef	Rekneskap 2004 ²						
						Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium ³	Medium totalt	Data-tenester	Husleige ⁴	Totalt driftsrekneskap
Østfold	256 668	48 824	18	25	15	35 830	6 419	456	6 875	1 217	8 809	57 334
Akershus	488 618	105 478	22	44	21	73 161	12 047	642	12 689	3 572	15 695	112 729
Oslo	521 886	88 748	1	19	1	80 552	7 948	991	8 939	3 812	24 027	135 719
Hedmark	188 326	34 171	22	42	19	27 572	5 443	424	5 867	1 530	1 147	40 443
Oppland	183 690	33 858	26	48	21	25 800	5 765	482	6 248	1 345	4 714	43 716
Buskerud	242 331	46 418	21	45	16	35 458	6 187	543	6 729	1 633	2 674	52 133
Vestfold	219 480	42 538	13	19	13	38 741	6 115	265	6 380	1 995	2 211	55 777
Telemark	166 124	31 077	18	38	14	27 181	4 562	441	5 003	1 425	1 565	38 579
Aust-Agder	103 374	20 617	15	25	9	16 612	2 946	269	3 215	769	297	24 045
Vest-Agder	160 127	33 846	15	35	9	24 860	4 298	534	4 831	1 129	6 071	42 532
Rogaland	388 848	86 818	27	56	14	59 319	12 689	2 017	14 706	1 929	10 431	98 625
Hordaland	445 059	92 662	33	75	22	63 310	11 701	2 006	13 707	2 335	12 841	104 791
Sogn og Fjordane	107 222	22 434	26	61	13	17 793	3 907	365	4 273	940	4 201	29 870
Møre og Romsdal	244 570	49 296	38	86	25	32 234	6 672	559	7 231	1 093	5 018	50 153
Sør-Trøndelag	270 266	54 024	25	52	12	32 018	7 146	1 732	8 878	980	15 083	61 611
Nord-Trøndelag	127 973	26 360	24	34	12	17 352	3 434	538	3 973	792	4 345	29 829
Nordland	237 057	47 089	45	83	18	33 761	7 294	704	7 998	2 094	2 677	54 390
Troms	152 628	30 876	25	46	16	19 162	3 595	252	3 847	1 154	4 140	31 583
Finnmark	73 210	15 402	19	31	12	16 704	3 121	263	3 384	668	3 789	28 048
Svalbard			1	1	1	701	189	0	189	50	376	1 466
Noreg	4 577 457	910 536	434	865	283	678 120	121 479	13 485	134 964	30 462	130 112	1 093 372

¹ Inkludert hovudbibliotek

² Fem bibliotek har ikkje levert rekneskapstal for 2004. Nokre bibliotek har ikkje fordelt mva på dei ulike postane, men ført dette samla i posten "Andre utgifter".

³ 205 bibliotek har levert data, dei resterande har inkludert utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrifter.

⁴ 187 bibliotek har levert tal for husleige.

Fylke	Budsjett 2005 ¹							Medieløying pr. innbyggjar			Driftsutgifter pr. innbyggjar 2004 ⁴
	Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium ²	Medium totalt	Data-tenester	Husleige ³	Totalt driftsbudsjett	Rekneskap 2004 ⁴	Endring frå 2003 ⁵	Budsjett 2005	
Østfold	36 267	5 929	693	6 622	1 363	8 749	57 473	26,79	-2,1 %	25,80	223,38
Akershus	70 148	11 292	365	11 657	2 914	24 229	122 422	25,97	-1,5 %	23,86	230,71
Oslo	79 332	7 846	970	8 816	2 611	26 837	133 623	17,13	1,8 %	16,89	260,06
Hedmark	26 357	5 887	358	6 245	1 514	839	37 858	31,15	-2,5 %	33,16	214,75
Oppland	25 658	5 531	413	5 944	1 495	4 753	50 040	34,01	3,2 %	32,36	237,99
Buskerud	35 738	5 737	508	6 245	1 691	2 657	51 720	27,77	-4,0 %	25,77	215,13
Vestfold	37 609	6 083	260	6 343	1 754	2 281	55 152	29,07	-6,0 %	28,90	254,13
Telemark	26 979	4 147	386	4 533	1 303	1 563	37 059	30,11	-6,2 %	27,29	232,23
Aust-Agder	16 815	2 763	226	2 989	908	341	23 641	31,10	-1,1 %	28,91	232,60
Vest-Agder	24 420	3 903	364	4 267	1 243	566	35 549	30,17	-2,2 %	26,65	265,62
Rogaland	57 732	12 199	1 808	14 007	2 188	8 694	94 996	37,82	2,2 %	36,02	253,63
Hordaland	63 113	11 369	1 839	13 207	2 288	12 175	99 937	30,80	-3,3 %	29,68	235,45
Sogn og Fjordane	18 471	3 579	292	3 870	961	4 088	29 962	39,85	2,9 %	36,09	278,58
Møre og Romsdal	32 522	6 126	521	6 647	1 069	4 958	49 504	29,57	0,2 %	27,18	205,07
Sør-Trøndelag	31 878	7 987	181	8 168	921	15 042	62 408	32,85	12,0 %	30,22	227,96
Nord-Trøndelag	17 552	3 068	454	3 522	584	4 814	28 860	31,04	3,1 %	27,52	233,09
Nordland	34 931	6 929	674	7 603	2 036	2 491	54 404	33,74	-0,3 %	32,07	229,44
Troms	20 979	3 369	189	3 558	1 167	3 670	32 833	25,21	-5,4 %	23,31	206,93
Finnmark	16 600	2 826	238	3 065	534	3 558	27 814	46,23	4,7 %	41,86	383,12
Svalbard	826	172	0	172	40	386	1 615				
Noreg	673 928	116 740	10 738	127 478	28 583	132 691	1 086 869	29,48	-0,3 %	27,85	238,86

¹ Seks bibliotek har ikkje levert tal for budsjett.

² 189 bibliotek har levert data, dei resterande har AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

³ 180 bibliotek har levert tal for husleige.

⁴ Fem bibliotek har ikkje levert rekneskapstal for 2004.

⁵ 2003-rekneskapen er indeksregulert for samanlikninga.

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Personale				Bøker for barn						
	Personar heiltid	Personar deltid	Totalt i årsverk	Årsverk pr. 1000 innb.	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Total tilvekst	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand
Østfold	49	73	91	0,35	3 208	12 216	15 424	7 923	61 588	186 131	247 719
Akershus	132	114	185	0,38	7 234	20 996	28 230	17 793	111 131	324 349	435 480
Oslo	178	81	224	0,43	4 675	15 794	20 469	24 332	115 150	353 260	468 410
Hedmark	40	72	77	0,41	2 985	10 469	13 454	9 419	58 649	210 209	268 858
Oppland	37	65	69	0,38	3 624	13 526	17 150	11 923	73 578	279 666	353 244
Buskerud	59	64	94	0,39	4 067	13 713	17 780	18 154	61 739	219 899	281 638
Vestfold	67	57	97	0,44	2 823	9 515	12 338	10 394	56 289	178 231	234 520
Telemark	49	64	73	0,44	3 049	10 879	13 928	4 615	53 329	200 754	254 083
Aust-Agder	22	40	42	0,41	1 630	6 017	7 647	3 591	35 047	125 546	160 593
Vest-Agder	37	61	64	0,40	2 731	10 138	12 869	6 737	51 270	179 781	231 051
Rogaland	103	98	150	0,39	6 291	27 395	33 686	19 298	116 431	426 602	543 033
Hordaland	109	126	167	0,38	7 175	25 956	33 131	27 941	112 118	405 264	517 382
Sogn og Fjordane	13	89	49	0,45	2 796	11 656	14 452	7 313	49 865	219 687	269 552
Møre og Romsdal	39	138	88	0,36	4 170	16 082	20 252	12 097	78 149	354 099	432 248
Sør-Trøndelag	51	74	84	0,31	4 338	16 228	20 566	11 597	64 327	239 407	303 734
Nord-Trøndelag	21	59	49	0,38	2 520	9 166	11 686	5 769	42 580	173 571	216 151
Nordland	61	113	100	0,42	7 419	19 166	26 585	19 288	80 839	335 151	415 990
Troms	39	53	58	0,38	2 282	9 621	11 903	7 446	54 956	203 501	258 457
Finnmark	39	39	52	0,72	2 206	7 498	9 704	4 121	41 538	153 398	194 936
Svalbard	1	1	2		87	633	720	55	1 143	4 370	5 513
Noreg	1 146	1 481	1 814	0,40	75 310	266 664	341 974	229 806	1 319 716	4 772 876	6 092 592

Fylke	Bøker for voksne							Totalt bøker		
	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Total tilvekst	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand	Tilvekst	Avgang	Bestand
Østfold	14 465	11 857	26 322	23 968	364 382	303 302	667 684	41 746	31 891	915 403
Akershus	20 477	25 760	46 237	48 319	495 585	489 779	985 364	74 467	66 112	1 420 844
Oslo	22 365	16 232	38 597	34 961	530 721	321 652	852 373	59 066	59 293	1 320 783
Hedmark	10 686	12 036	22 722	31 175	356 999	397 953	754 952	36 176	40 594	1 023 810
Oppland	11 782	16 231	28 013	32 477	339 625	445 537	785 162	45 163	44 400	1 138 406
Buskerud	11 463	13 704	25 167	49 687	288 757	334 858	623 615	42 947	67 841	905 253
Vestfold	9 437	10 592	20 029	17 514	302 374	247 705	550 079	32 367	27 908	784 599
Telemark	11 210	13 870	25 080	11 828	319 736	386 902	706 638	39 008	16 443	960 721
Aust-Agder	4 812	8 639	13 451	10 333	195 240	227 527	422 767	21 098	13 924	583 360
Vest-Agder	8 990	9 841	18 831	17 520	248 385	287 273	535 658	31 700	24 257	766 709
Rogaland	22 149	22 734	44 883	37 749	572 375	559 363	1 131 738	78 569	57 047	1 674 771
Hordaland	23 673	28 955	52 628	59 412	547 531	569 682	1 117 213	85 759	87 353	1 634 595
Sogn og Fjordane	6 222	13 988	20 210	23 455	235 550	443 022	678 572	34 662	30 768	948 124
Møre og Romsdal	10 708	20 146	30 854	27 916	378 889	635 308	1 014 197	51 106	40 013	1 446 445
Sør-Trøndelag	11 300	18 388	29 688	22 324	297 662	405 321	702 983	50 254	33 921	1 006 717
Nord-Trøndelag	9 036	12 596	21 632	13 559	208 780	289 311	498 091	33 318	19 328	714 242
Nordland	19 048	26 099	45 147	59 824	482 421	633 970	1 116 391	71 732	79 112	1 532 381
Troms	6 478	12 231	18 709	38 494	252 087	316 211	568 298	30 612	45 940	826 755
Finnmark	5 948	11 460	17 408	7 240	219 336	277 710	497 046	27 112	11 361	691 982
Svalbard	315	426	741	55	3 879	6 526	10 405	1 461	110	15 918
Noreg	240 564	305 785	546 349	567 810	6 640 314	7 578 912	14 219 226	888 323	797 616	20 311 818

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Abonnement					Bestand andre medium				
	Tidsskrift	Aviser	Samla tilvekst	Samla avgang	Samla bestand	Musikk	Lydbøker	Video/DVD	CD-ROM	Anna ¹
Østfold	1 589	248	47	249	1 837	20 735	20 325	15 106	1 231	18 247
Akershus	2 903	365	41	268	3 268	40 181	48 273	28 910	1 259	35 372
Oslo	1 286	264	19	149	1 550	26 897	19 832	14 902	1 099	63 989
Hedmark	1 631	231	165	100	1 862	19 217	16 211	12 627	468	40 646
Oppland	1 811	237	129	77	2 048	10 940	22 719	16 372	994	8 394
Buskerud	1 835	242	81	87	2 077	20 202	18 330	17 460	793	25 806
Vestfold	1 277	201	29	280	1 478	15 394	19 927	19 703	1 261	16 626
Telemark	1 329	203	130	142	1 532	14 795	10 817	14 862	501	23 594
Aust-Agder	967	131	51	67	1 098	8 017	9 881	11 533	535	9 472
Vest-Agder	1 166	153	14	54	1 319	14 983	13 237	13 335	500	13 654
Rogaland	3 093	338	267	1 166	3 431	47 574	42 724	39 779	2 131	51 648
Hordaland	2 548	489	228	328	3 037	52 971	34 291	31 438	2 693	55 109
Sogn og Fjordane	1 587	197	63	80	1 784	15 893	12 710	16 745	656	4 934
Møre og Romsdal	2 005	308	112	332	2 313	14 953	20 751	16 948	585	6 285
Sør-Trøndelag	1 646	261	56	62	1 907	23 215	27 796	21 880	1 244	14 754
Nord-Trøndelag	1 229	176	107	193	1 405	11 366	16 191	15 400	1 611	9 348
Nordland	2 557	359	100	135	2 916	21 128	24 834	24 662	1 155	12 869
Troms	1 587	153	54	91	1 740	14 343	14 623	10 920	953	11 385
Finnmark	976	233	67	56	1 209	13 472	11 550	16 064	956	24 808
Svalbard	39	5	13	0	44	22	289	575	1	
Noreg	33 061	4 794	1 773	3 916	37 855	406 298	405 311	359 221	20 626	446 950

¹ Notar, fotografi, mikroformer, multimediesett, grafikk, dias-seriar osv.

Fylke	Andre medium			Totalt alle medium				Utlån bøker for barn			
	Samla tilvekst	Samla avgang	Samla bestand	Tilvekst	Tilvekst pr. 1000 innb.	Avgang	Bestand	Fag	Skjønn	Totalt	Pr. barn
Østfold	12 844	2 997	75 644	54 637	212,9	35 137	992 884	69 211	305 273	374 484	7,7
Akershus	19 109	6 021	153 995	93 617	191,6	72 401	1 578 107	155 993	727 060	883 053	8,4
Oslo	19 191	11 571	126 719	78 276	150,0	71 013	1 449 052	121 008	514 933	635 941	7,2
Hedmark	7 967	1 438	89 169	44 308	235,3	42 132	1 114 841	62 816	271 240	334 056	9,8
Oppland	8 742	2 007	59 419	54 034	294,2	46 484	1 199 873	57 283	265 924	323 207	9,5
Buskerud	11 419	11 763	82 591	54 447	224,7	79 691	989 921	72 788	328 493	401 281	8,6
Vestfold	8 266	2 719	72 911	40 662	185,3	30 907	858 988	87 825	349 478	437 303	10,3
Telemark	11 356	5 462	64 569	50 494	304,0	22 047	1 026 822	57 670	239 852	297 522	9,6
Aust-Agder	6 819	2 773	39 438	27 968	270,6	16 764	623 896	35 215	148 967	184 182	8,9
Vest-Agder	6 031	2 103	55 709	37 745	235,7	26 414	823 737	57 615	285 634	343 249	10,1
Rogaland	20 952	7 759	183 856	99 788	256,6	65 972	1 862 058	134 572	741 259	875 831	10,1
Hordaland	25 328	8 890	176 502	111 315	250,1	96 571	1 814 134	159 994	623 421	783 415	8,5
Sogn og Fjordane	6 547	1 287	50 938	41 272	384,9	32 135	1 000 846	33 842	155 233	189 075	8,4
Møre og Romsdal	10 340	1 960	59 522	61 558	251,7	42 305	1 508 280	62 553	322 240	384 793	7,8
Sør-Trøndelag	13 542	2 717	88 889	63 852	236,3	36 700	1 097 513	97 233	378 258	475 491	8,8
Nord-Trøndelag	6 757	1 621	53 916	40 182	314,0	21 142	769 563	45 259	191 347	236 606	9,0
Nordland	12 023	3 743	84 648	83 855	353,7	82 990	1 619 945	75 843	282 277	358 120	7,6
Troms	5 436	1 268	52 224	36 102	236,5	47 299	880 719	46 147	210 363	256 510	8,3
Finnmark	5 963	1 489	66 850	33 142	452,7	12 906	760 041	21 967	88 001	109 968	7,1
Svalbard	160	10	897	1 634		120	16 859	455	2 766	3 221	
Noreg	218 792	79 598	1 638 406	1 108 888	242,2	881 130	21 988 079	1 455 289	6 432 019	7 887 308	8,7

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Utlån bøker for voksne				Totalt utlån bøker	Utlån andre medium					
	Fag	Skjønn	Totalt	Pr. voksen		Musikk	Lydbøker	Video/DVD	CD-ROM	Anna ¹	Totalt
Østfold	265 620	361 752	627 372	3,02	1 001 856	66 905	87 094	178 849	8 836	18 540	360 224
Akershus	471 343	567 691	1 039 034	2,71	1 922 087	134 371	231 781	317 383	8 612	54 319	746 466
Oslo	513 660	539 994	1 053 654	2,43	1 689 595	182 531	116 682	160 471	5 203	125 641	590 528
Hedmark	206 353	234 466	440 819	2,86	774 875	30 539	62 284	105 546	1 988	23 816	224 173
Oppland	193 944	236 334	430 278	2,87	753 485	17 359	69 811	131 012	7 248	13 833	239 263
Buskerud	250 649	304 060	554 709	2,83	955 990	35 174	88 198	163 672	4 252	17 117	308 413
Vestfold	347 200	348 070	695 270	3,93	1 132 573	50 472	100 703	220 582	6 826	25 289	403 872
Telemark	185 954	230 941	416 895	3,09	714 417	24 930	48 293	114 046	2 034	15 211	204 514
Aust-Agder	113 187	144 448	257 635	3,11	441 817	17 284	36 682	90 069	3 976	8 812	156 823
Vest-Agder	176 665	225 570	402 235	3,19	745 484	19 728	58 092	130 970	2 741	11 663	223 194
Rogaland	500 179	561 883	1 062 062	3,52	1 937 893	142 552	158 836	412 809	16 757	66 761	797 715
Hordaland	547 111	548 245	1 095 356	3,11	1 878 771	255 961	158 920	403 316	17 704	50 334	886 235
Sogn og Fjordane	81 548	137 450	218 998	2,58	408 073	15 602	29 658	93 833	2 656	19 267	161 016
Møre og Romsdal	195 076	295 382	490 458	2,51	875 251	15 328	66 852	149 345	3 697	8 948	244 170
Sør-Trøndelag	308 320	347 875	656 195	3,03	1 131 686	92 369	124 679	213 023	10 239	16 962	457 272
Nord-Trøndelag	118 733	182 856	301 589	2,97	538 195	19 603	51 065	99 196	7 168	4 884	181 916
Nordland	203 571	283 675	487 246	2,56	845 366	16 865	69 284	151 999	7 436	11 627	257 211
Troms	137 489	137 402	274 891	2,26	531 401	17 956	45 930	63 477	6 946	12 488	146 797
Finmark	89 663	87 937	177 600	3,07	287 568	12 795	21 028	79 325	2 965	10 338	126 451
Svalbard	2 235	2 430	4 665		7 886	1	402	2 469			3 188
Noreg	4 908 500	5 778 461	10 686 961	2,91	18 574 269	1 168 325	1 626 274	3 281 392	127 284	516 166	6 719 441

¹ Eining som blir lånt ut sjølvstendig, tel som eit utlån.

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Utlån alle medium				Besøk			Fjernlån	
	Utlån totalt	Utlån pr. innb.	Endring fra 2003 pr. innb.	Utlån pr. årsverk	Tal på besøk	Besøk pr. innb.	Endring fra 2003 pr. innb.	Tal på innlån	Innlån pr. 1000 innb.
Østfold	1 362 080	5,31	2,4 %	15 037	903 001	3,52	-18,3 %	16 974	66,1
Akershus	2 668 553	5,46	0,9 %	14 446	2 530 983	5,18	2,0 %	30 719	62,9
Oslo	2 280 123	4,37	-0,4 %	10 180	2 532 912	4,85	6,9 %	3 910	7,5
Hedmark	999 048	5,30	1,8 %	13 044	825 830	4,39	-2,4 %	19 505	103,6
Oppland	992 748	5,40	2,5 %	14 381	845 492	4,60	0,4 %	15 211	82,8
Buskerud	1 264 403	5,22	2,0 %	13 475	1 171 869	4,84	-9,8 %	17 491	72,2
Vestfold	1 536 445	7,00	-1,0 %	15 845	1 104 496	5,03	-1,2 %	13 663	62,3
Telemark	918 931	5,53	4,5 %	12 514	838 797	5,05	12,4 %	14 220	85,6
Aust-Agder	598 640	5,79	1,3 %	14 294	587 674	5,68	0,0 %	5 873	56,8
Vest-Agder	968 678	6,05	0,5 %	15 193	1 107 959	6,92	5,3 %	8 940	55,8
Rogaland	2 735 608	7,04	0,3 %	18 259	2 274 880	5,85	-6,1 %	15 929	41,0
